



Hagelsundet Eigedom AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2102 - 17/12099

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
26.04.2017

Avvist sak - Søknad om montering av skilt - gbnr 185/333 Isdal

Administrativt vedtak. Saknr: 193/17

Tiltakshavar: Hagelsundet Eigedom AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, Velg et element.

Tiltak

Saka gjeld søknad om montering av skilt på fasade og takflate på «Hagelia 6» på eigedom gbnr. 185/333. Det vert elles vist til søknad motteken 28.06.16.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi har i vårt brev datert 07.07.16 etterspurt supplerande dokumentasjon i saka og gjeve frist til 07.08.16 for å levere naudsynt dokumentasjon.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke etterspurd dokumentasjon i saka.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om montering av skilt på tak og fasade på «Hagelia 6» på eigedom gbnr. 185/33 avvist.

Avvisning vert heimla i følgjande:

1. Manglande skildring av tiltaket, det er ikkje levert inn målsette teikningar som dokumenterer storleik på tiltak på tak og heller ikkje reklametafle montert på fasade jf. SAK § 5-4 bokstav m)
2. Manglande opplysningar med omsyn til ansvar i tiltaket jf. SAK § 5-4 bokstav p) og q)
3. Manglande dokumentasjon på opplyst avklaring med Statens vegvesen jf SAK § 5-4 bokstav o)

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2102

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hagelsundet Eigedom AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ